



Saksmappe: 2021/221
Sakshandsamar: MJB
Dato: 29.05.2026

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	10.06.2026
	Kommunestyret	23.06.2026

Høyringsinnspel-Nærskulematrisen til vidaregåande skular i Agder

Kommunedirektøren si innstilling:

Følgjande innspel til høyringa vil bli sendt til Agder fylkeskommune:

Bygland kommune stør framlegget frå Agder fylkeskommune i punkt 4 om at elevar med postnummer for Bykle og Valle plasserast i inntaksregion Indre Agder. Det vil gje nærskulepoeng til skulane Setesdal vidaregåande skule, Byremo vidaregåande skule og Vennesla vidaregåande skule.

SAKSUTGREIING

Samandrag

Bygland kommune stør framlegget om å leggje postnumra Bykle og Valle inn i inntaksregionen Indre Agder. Kommunen meiner dette vil styrke rekrutteringa til dei vidaregåande skulane i regionen, særleg Setesdal vidaregåande skule, og bidra til eit meir berekraftig og attraktivt utdanningstilbod.

Endringa vil òg leggje til rette for betre samarbeid og samanheng i opplæringsløpet, og samla sett bidra positivt til utviklinga i regionen.

Bakgrunn for saka

Agder fylkeskommune har sendt på høyring framlegg til endringar i nærskulematrisa for vidaregåande opplæring, med frist 25. juni 2026.

Nærskulematrisa er knytt [til § 3 i lokal forskrift om inntak og formidling](#), og skal sikre at elevar i størst mogleg grad får plass ved ein vidaregåande skule nær der dei bur.

Bygland kommune legg i dette høyringsinnspelet særleg vekt på konsekvensar for elevar og skulestrukturen i Indre Agder og Setesdalsregionen.

Informasjon om Høyring nærskulematrise til vidaregåande skular i Agder

Formelt grunnlag

- Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring/ formidling til læreplass, Agder
- Nærskulematrise Agder
- Opplæringslova
- Delegasjonsreglement for Bygland kommune
- Kommuneplanen, samfunnsdelen 2025-2036
- Kommunestyrevedtak
- *Høyringsinnspel: Effektivisering av skole- og tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring i Agder*

Vurderingar og konsekvensar

Agder fylkeskommune ønskjer innspel på følgjande spørsmål i høyringa:

1. *Ønsker du/dere en endring i nærskulematrisen så elever fra Bykle og Valle blir en del av inntaksregion Indre Agder?*
2. *Har du noen innspill til fordeler eller ulemper med dette forslaget?*
3. *Ønsker du dere at inntaksregionen Øst i Agder deles i to som tidligere. En inntaksregion med Østre Agder vidaregåande skole og en inntaksregion med Arendal vidaregåande skole og Sam Eyde vidaregåande skole?*
4. *Har du noen innspill til fordeler og ulemper med dette forslaget?*
5. *Har du andre innspill til nærskulematrisen.*

Høringsbrev og høringsnotat – inntaksmatrisen til vidaregåande skole i Agder følger vedlagt, vedlegg 1 og 2.

Bygland kommune legg til grunn at ungdom i Setesdalsregionen skal ha reell tilgang til vidaregåande opplæring. For mange elevar er avstand, reisetid og moglegheit for bustad i opplæringstida avgjerande for både val og gjennomføring.

Elevgrunnlaget i Indre Agder er lågt, men stabilt fram mot 2040. Å leggje postnumra Bykle og Valle inn i inntaksregion Indre Agder vil kunne styrke elevgrunnlaget og bidra til eit meir robust og føreseieleg tilbod ved dei vidaregåande skulane i regionen.

Endringa kan gi eit breiare og meir attraktivt utdanningstilbod, eit betre samansett elevmiljø og styrke grunnlaget for eit trygt og inkluderande skulemiljø. Samstundes vil eit sterkare skuletilbod kunne bidra positivt til lokalt næringsliv og regional utvikling.

For mange elevar frå Bykle og Valle vil lang reiseveg og avgrensa kollektivtilbod gjere det naudsynt med bustad i samband med vidaregåande opplæring. Ved ei endring i nærskulematrisa vil tilgang til eigna bustad bli ein viktig føresetnad for at elevane faktisk kan nytte seg av skuletilbodet i Indre Agder.

Eit godt bustadtilbod er avgjerande for å sikre inkludering og like mogelegheiter for alle elevar, uavhengig av økonomisk og geografisk bakgrunn. Når elevane har tilgang til rimelege

og gode bu-moglegheiter, blir det lagt betre til rette for at alle kan gjennomføre vidaregåande opplæring på like vilkår. Det vil difor vere viktig med utvikling og oppgradering av internat eller hybelhus i det vidare arbeidet med nærskulematrisa

Forslaget vil òg styrke samarbeidet mellom kommunane i Setesdal, vidaregåande skule og næringslivet, særleg innan yrkesfag der det er behov for tettare samspel for å møte kompetansebehova i regionen.

Det er allereie etablert eit godt samarbeid mellom kommunane og Setesdal vidaregåande skule, mellom anna gjennom rådgivarnettverk, leiarsamarbeid og fagnettverk. Ei tydelegare regional tilknytning vil styrke desse strukturane og bidra til betre samanheng i det 13-årige opplæringsløpet.

Samla sett vurderer Bygland kommune at framlegget til endring av nærskulematrisa vil ha positive verknader for elevane, utdanningstilbodet og den langsiktige utviklinga i indre Agder.

Framlegg frå kommunedirektøren

Bygland kommune stør framlegget frå Agder fylkeskommune om å leggje postnumra for Bykle og Valle inn i inntaksregion Indre Agder. Dette vil gi elevane nærskulepoeng til mellom anna Setesdal vidaregåande skule, Byremo vidaregåande skule og Vennesla vidaregåande skule.

Kommunen meiner dette er ei viktig endring for å styrke rekrutteringa til dei vidaregåande skulane i Indre Agder, og særleg Setesdal vidaregåande skule. Samstundes vil det bidra til tettare samarbeid mellom kommunane, skulane og næringslivet, særleg innan yrkesfag.

Forslaget vil òg styrke samanhengen i opplæringsløpet og bidra til gode overgangar for elevane. Eit stabilt elevgrunnlag er avgjerande for å oppretthalde eit breitt og attraktivt utdanningstilbod i regionen.

Bygland, 27.05.2026

Kommunedirektør